

**Innkalling
av
Ungdomsrådet**

Møtedato: 29.11.2021
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 12:00

KS v/ Tom Gundersen gjev Ungdomsrådet opplæring frå kl. 09 - 10:30

Eventuelle forfall må meldast til Rita Ludvigsen per tlf. 45376315, sms til eller per epost til rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 016/2021 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 017/2021 Godkjenning av møtebok
- 018/2021 Referatsak
Møteplan vår 2022
Oppsummering Nettverkssamling
Oppfølging fond - Ungdomsråd
- 019/2021 Oppstart av kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033
- 020/2021 Oppstart av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune
- 021/2021 Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 - 2033

22. november 2021

Anna Sofija Rudzite
møteleiar

Rita Ludvigsen
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		21/1079

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2021	Ungdomsrådet	PS	29.11.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		21/1079

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2021	Ungdomsrådet	PS	29.11.2021

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		21/1079

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2021	Ungdomsrådet	PS	29.11.2021

Referatsak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-122	21/889

Saknr	Utval	Type	Dato
081/2021	Formannskapet	PS	18.10.2021
012/2021	Ungdomsrådet	PS	04.11.2021
019/2021	Ungdomsrådet	PS	29.11.2021

Opptart av kommunedelplan for drikkevatn og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033

Journalposttittel

Planprogram for kommunedelplan for drikkevatn og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033 av 23.09.2021

Dato

11.10.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 opptart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for drikkevatn og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 23.09.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune har i samband med vedtak knytt til planstrategi i kommunestyremøte den 30.11.2020 vedtatt å vurdere å starte opp arbeidet med ein hovudplan for drikkevatn. Det er ikkje laga hovudplan for drikkevatn tidlegare, men planar for kvart einskild vassverktbygging. ROS analyse for vassforsyninga vart godkjent i kommunestyret den 04.05.2017, i sak 015/17. Vass- og avlaupshandtering er ei av kommunen sine primær oppgåver, og i tillegg er oppretthalding av godt vassmiljø viktig.

Rådmannen rår til at det vert utarbeida ein eigen plan for drikkevatn og avlaup for perioden 2021 – 2033, og at planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan etter plan- og bygningsloven sin reglar.

På bakgrunn av dette er det no laga eit framlegg til planprogram, som skal klargjere føremålet med planarbeidet, og avklara målsettingar, rammer og premisser for den vidare prosessen.

I planprogrammet vert det føreslått kva tema og problemstillingar som bør løysast i planarbeidet, og kva utgreiingar som er naudsynte for å få eit godt nok beslutningsgrunnlag. Vidare skildrar planprogrammet framlegg til medverknad og informasjon. I kapitlet om organisering av arbeidet vert det lagt opp til at formannskapet vert politisk styringsgruppe, og at rådmannen oppnemner ei administrativ arbeidsgruppe. I tillegg rår ein til å invitere inn fagpersonar og representant frå GMU og Gulen kommune inn i ei utvida referansegruppe.

Planprogrammet vert lagt ut på høyring samstundes med varsel av oppstart av planarbeidet. Innspel til planprogrammet skal vurderast før kommunestyret fastset endeleg planprogram. Sjølve framlegg til kommunedelplan skal deretter utarbeidast, og etter politisk handsaming verta sendt ut på offentleg ettersyn og høyring. Til slutt vert planen handsama endeleg i kommunestyret.

Vurdering

Administrasjonen meiner det er viktig å få drøfta mange problemstillingar, men at det er spesielt viktig å få drøfta den vidare utviklinga av hovudvassverket. Dette for å sikra ei forsvarleg og robust drift på lang sikt, og for å drøfta kva behov og investeringar som bør prioriterast i planperioden (2021 – 2033). Ein ser at kapasitetsgrensene til hovudvassverket stadig vert pressa meir og meir, og at ønskjer om å få fram kommunalt drikkevatn (eller om å få meir kommunalt drikkevatn) kjem både frå utbyggjarar, innbyggjarar og næringslivet. Administrasjonen ønskjer med planarbeidet å få sikre eit godt fagleg grunnlag for politiske beslutningar knytt til vatn og avlaupsområdet, slik at Masfjorden kommune får eit langsiktig styringsdokument, som både er teknisk/økonomisk optimalt og framtidsretta for heile Masfjorden kommune.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert utarbeida ein eigen kommuneplan for drikkevatn og avlaup for perioden 2021 – 2033, og at det vert gjort vedtak om oppstart av planarbeid og høyring av planprogrammet.

Formannskapet - 081/2021


FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for drikkevatn og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 23.09.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.



Framlegg til planprogram
Kommunedelplan for drikkevattn og avlaup
for
Masfjorden kommune 2021 – 2033



Innhald

1. BAKGRUNN OG MÅLSETTING FOR PLANARBEIDET	3
1.1 Formålet med planarbeidet	3
1.2 FNs bærekraftsmål	3
1.3 Om planprogram og konsekvensutgreiing	4
2. PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	4
2.1 Medverknad og forankring.....	5
2.2 Framdrift.....	5
3. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET	6
4. FORSLAG TIL HOVUDMÅL.....	7
5. TEMA SOM SKAL DRØFTAST OG VURDERAST I PLANARBEIDET	7

1. BAKGRUNN OG MÅLSETTING FOR PLANARBEIDET

Masfjorden kommune har i samband med vedtak knytt til planstrategi i kommunestyremøte den 30.11.2020 vedtatt å vurdere å starte opp arbeidet med ein hovudplan for drikkevatt. Det er ikkje laga hovudplan for drikkevatt tidlegare. ROS analyse for vassforsyninga vart godkjent i kommunestyret den 04.05.2017, i sak 015/17.

Vass- og avlaupshandtering er ei av kommunen sine primæroppgåver, og i tillegg er oppretthalding av godt vassmiljø viktig. Kommunen ønskjer difor å utarbeida ein eigen plan for vatn og avlaup. Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan etter plan- og bygningsloven sin reglar.

Kommunen eig og driv fem vassverka. Det finst mange mindre private vassverk i kommunen, som kommunen har lite kunnskap om.

Dei offentlege vassverka har til saman ca 435 tilknytta abonnentar i tillegg til leveranse til Hovden bassenget i Gulen kommune. Nøkkeltal, plassering og forsyningsområde er skissert i tabellen nedunder.

Vannverk	Produksjon m ³ /år (2015)	% av totalprod	Abonnentar		Godkjenning- status
			(alle kategoriar)	Husstandar	
Masfjorden hovudvassverk	141872	73 %	300	170	Godkjent
Matre vassverk	40150	20 %	68	80	Godkjent
Haugsvær vassverk	6935	3,5 %	35	27	Godkjent
Solheim vassverk	4380	2,2 %	22	20	Godkjent
Skolten vassverk	1424	0,7 %	10	10	Godkjent

Masfjorden har 19 kommunal slamavskiljarar fordelt på følgjande stadar:

Skolten (1 stk), Sandnes (5 stk), Duesund (2 stk), Hosteland (2 stk), Giljane nord (1 stk), Stokkevika (2 stk), Solheim (2 stk), Haugsvær (1 stk) og Matre (3 stk).

Kommunedelplanen skal setja langsiktige mål og gje føringar for vatn og avlaupsverksemda i kommunen, og for vassmiljøet i resipientane i kommunen. Planen skal gjelde for perioden 2021-2033.

1.1 Formålet med planarbeidet

Hovudformålet med planarbeidet er å få på plass ein oppdatert plan for vatn og avlaup i Masfjorden kommune. FN sine bærekraftsmål vert lagt til grunn for planarbeidet, samt folkehelseperspektivet. Vidare skal det lagast delmål og strategiar for området med handlingsplan for perioden 2021 – 2033

1.2 FNs bærekraftsmål

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023 (mai 2019) er ei av Regjeringa sine forventningar at kommunane legg FN sine bærekraftsmål til grunn for samfunns- og

arealplanlegginga. FN si generalforsamling vedtok i 2015 2030-agendaen for bærekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremja sosial, miljømessig og økonomisk bærekraft.

Masfjorden kommune vil leggja FN sine bærekraftsmål **nr. 6- «Reint vatn og gode sanitære tilhøve»** og **nr. 14 « Livet i havet»** til grunn for arbeidet med kommunedelplanen.

1.3 Om planprogram og konsekvensutgreiing

For alle regionale planer og kommune(del)planar, og for reguleringsplaner som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det i medhald av Plan- og bygningsloven § 4-1, utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet utgjer første steg i utarbeiding av plan og konsekvensutgreiing.

Planprogrammet skal klargjere føremålet med planarbeidet, og avklara rammer og premisser for den vidare prosessen. I planprogrammet vert det føreslått kva tema og problemstillingar som bør løysast i planarbeidet, og kva utgreiingar som er naudsynte for å få eit godt nok beslutningsgrunnlag. Vidare skal planprogrammet skildra medverknad og informasjon. Det er viktig at alle som har innspel og synspunkt på dei ulike problemstillingane, får medverka i ein tidlig fase. Planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring samstundes med varsel av oppstart av planarbeidet. Innspel til planprogrammet skal vurderast før kommunestyret fastset planprogrammet. Sjølve framlegg til kommunedelplan skal deretter utarbeidast og verta sendt ut på offentleg ettersyn og høyring. Til slutt vert planen slutthandsama i kommunestyret.

Vurdering knytt til forskrift om konsekvensutgreiingar

I medhald av forskrift om konsekvensutgreiingar, skal kommunedelplaner alltid konsekvensutgreiast når planane skal fastsetta rammer for tiltak i forskriften sine vedlegg I og II. Det betyr overordna planar som legg føringar for seinare regulering av eit konkret tiltak (nemnd i vedlegg I eller II), eller som inneheld retningslinjer som har betydning for beslutningar om gjennomføring av slike tiltak. Kommunedelplanen for vatn og avlaup i Masfjorden kommune vert vurdert til ikkje å koma inn under forskrifta sine krav om konsekvensutgreiing, då tiltak i planen ikkje vil gje direkte juridisk bindande føringar for seinare arealbruk.

2. PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

Styringsgruppe:

Formannskapet vert styringsgruppe for planarbeidet.

Arbeidsgruppe:

I arbeidsgruppa deltek følgjande i tillegg til engasjert konsulent :

- Assisterande rådmann (leiar)
- Teknisk sjef
- Driftsteknikar vatn og avlaup
- Engasjert konsulent (ekstern)

Referansegruppe

Arbeidsgruppa og følgjande representantar vert invitert med til å delta på minst to faglege samlingar i samband med planarbeidet:

Mattilsynet
Kommuneoverlegen
Gulen kommune
GMU
Brannsjef

2.1 Medverknad og forankring

Lovmessige krav til medverknad i planprosessar er skildra i plan- og bygningslova kapittel 5, og krav til medverknad ved utarbeiding av planprogram vert utdjupa i PBL §§ 4 – 1 og 11 – 13. Oppstart av planarbeidet med kommunedelplanen vert varsla samstundes med at forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Det skal leggjast stor vekt på å ha ein open planprosess for å motivera folk flest til engasjement og eigarskap i planarbeidet. Kommunen vil nytta både heimesida og sosiale media aktivt til informasjon og dialog, samstundes som lokalavisa vert invitert inn til å ta del i arbeidet.

Planprogrammet og oppstart av kommunedelplanen vert kunngjort og det vert sett frist på seks veker for å koma med innspel til planarbeidet og planprogrammet. Ein vil be om innspel på følgjande:

- Planprogrammet slik det ligg føre
- Tema som skal vurderast i planprosessen
- Mål, delmål, strategiar og ønskje om nye tiltak innanfor planfeltet/ planområdet

Aktuelle offentlege instansar og representant frå næringslivet (GMU) vil verta invitert inn i referansegruppa. Kommunen tek ansvar for å få innspel frå innbyggjararar. Dette vil skje når planen er på høyring.

2.2 Framdrift

Saman med varsel om planoppstart, vert planprogrammet lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i seks veker frå og med desember 2021. Endeleg planforslag ser ein for seg vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden mai-juni 2022, og vedtak av planen ser ein for seg kan skje hausten 2022. Innhenting av ekstern konsulent vil skje hausten 2021.

Framdriftsplanen som er skissert nedunder må sjåast på som retningsgjevande.

Aktivitet	Tidspunkt
Oppstartsvedtak i formannskapet	Oktober 2021

Varsel om oppstart av planarbeidet	Oktober 2021
Høringsperiode planprogram og innspelsfase til planen	November – Desember 2021
Endeleg planprogram til handsaming i kommunestyret	Februar 2022
Oppdatere kunnskapsgrunnlag	Våren 2022
Medverknadprosessar	Våren 2022
Utforme utkast til plan	Våren 2022
Høyring og offentleg ettersyn	Juli - September 2022
Endeleg politisk handsaming i kommunestyret	November – Desember 2022

3. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

Vatn- og avlaup er regulert gjennom EU- direktiv og nasjonale lover og forskrifter.

Dei mest sentrale føringane for planarbeidet er:

- EU sitt vassdirektiv
- EUs avlaupsdirektiv
- EUs grunnvassdirektiv
- Forurensingslova
- Drikkevatnforskrifta
- Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressursloven)
- Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg
- Forskrift om kommunale vass – og avlaupsgebyr
- Forskrift for vatn- og avlaupsgebyr for Masfjorden kommune
- Kommuneplanen sin arealdel – godkjent i 2019
- Kommuneplanen sin samfunnsdel – godkjent i 2012
- Andre kommunedelplanar og kommunale temaplanar

I kommuneplanen sin samfunnsdel frå 2012 er følgjande hovudmål sett opp knytt til temaet vatn og avlaup:

Trygg og sikker vassforsyning frå alle kommunale vassverk.

Følgjande tiltak er sett opp i denne planen:

«• *Revisjon av Hovudplan for vassforsyning*

• *Samarbeida med Gulen kommune om kapasitetsauke på Andvik vassverk*

• *Kartlegging av avløp og vurdering av miljøtilstanden i resipientane.*

• *Følgja opp vassprosjektet Vassområde Nordhordland, og arbeida for å sikra god miljøtilstand*

i vassførekomstane i kommunen.»

4. FORSLAG TIL HOVUDMÅL

Ein viktig del av arbeidet med ein kommunedelplan for drikkevatn og avlaup er målformuleringar. For kommunedelplan for drikkevatn og avlaup vert det føreslått følgjande nye delmål i tillegg til hovudmålet som alt er nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Hovudmål:

Trygg og sikker vassforsyning frå alle kommunale vassverk.

Delmål:

- 1. Masfjorden kommune skal sikra at abonnentane som er knytta til dei kommunale vassforsyningsanlegga får nok vann med tilfredsstillande kvalitet via eit sikkert nett og eit økonomisk effektivt forsyningsystem.**
- 2. Masfjorden kommune skal ivareta ei effektiv drift av eit bærekraftig avlaupssystem og oppnå god mijøtilstand for resipientane.**
- 3. Fleire bygder og bustadar i Masfjorden bør få tilbod om offentleg drikkevatn i planperioden.**

5. TEMA SOM SKAL DRØFTAST OG VURDERAST I PLANARBEIDET

Vatn

- Skildring av status (teknisk tilstand, kapasitet og framtidige behov, kvalitet og økonomi)
- Vurdere oppgraderingar knytt til drikkevassreinsinga i alle vassverka
- Vurdere utskifting/ oppgraderingar av leidningsnettet knytt til alle vassverka i kommunen
- Vurdere behov og lokalisering av nytt høgdebasseng knytt til hovudvassverket
- Vurdere behov for tiltak som aukar tryggleiksnivået i alle vassverka.
- Vurdere behov for utbygging av offentleg drikkevassforsyning fram til fleire husstandar og bygder i kommunen.
- Vurdere behovet for å auka brannvasskapasiteten i lokalsentrene; Hosteland, Matre, Haugsvær og Sandnes.

- Vurdere behovet for å auka uttaket av råvatn i hovudvassverket.
- Vurdere og drøfte prioritering av tiltak
- Kalkulering av årleg gebyrgrunnlag for drikkevatt og økonomiske rammer for drifta og for eventuelle nye investeringar

Avlaup og vassmiljø:

- Skildring av status (teknisk tilstand, kapasitet og framtidige behov, kvalitet og økonomi)
- Vurdering av avlaupsutslepp med omsyn på utsleppsløyve og myndighetskrav
- Vurdering av behov for utskifting av avlaupsleidningar
- Vurdering av klimaendringar si påverknad av avlaupsanlegga
- Vurdering av tiltak med omsyn på vassmiljø (vassforskrifta)
- Kalkulering av årleg gebyrgrunnlag for avlaup og økonomisk rammer for drifta og for eventuelle nyinvesteringar

Plantema på begge områda vil kunna verta endra, utvida og tilpassa etter innspel i høyringsperioden og/ eller i samband med føringar frå regionalt og statleg hald med fleire.

Planen skal ende opp med handlingsplan med konkrete forslag for perioden 2022 –2026, og for meir langsiktige tiltak for perioden 2026 – 2033.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-122	21/602

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2021	Formannskapet	PS	02.09.2021
013/2021	Ungdomsrådet	PS	04.11.2021
020/2021	Ungdomsrådet	PS	29.11.2021

Oppstart av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune

Journalposttittel

Planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 - 2033

Dato

19.08.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 06.07.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

Saksopplysningar:**Bakgrunn og fakta:**

Kommunestyret har i sak 081/20 i møte den 30.11.2020 i samband med vedtak om revidert planstrategi for perioden 2020 – 2023 prioritert oppstart av ny energi og klimaplan for Masfjorden kommune med oppstart i 2021. På bakgrunn av dette vedtaket har administrasjonen no laga framlegg til planprogram dagsett 07.07.2021, som ein ber om at formannskapet tek stilling til. Planprogrammet gjer i korte trekk greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Ein skal og vurdera verknader for miljø og samfunn, og synleggjere ulike vegval/ alternativ i planarbeidet.

I kapitlet om organisering av arbeidet vert det lagt opp til at formannskapet vert politisk styringsgruppe, og at rådmannen oppnemner ei administrativ arbeidsgruppe. I tillegg vil ein invitere inn lokal organisasjonar og representantar frå næringslivet med fleire inn i ei utvida

referansegruppe.

Tidlegare kommunedelplan for energi og klima vart vedteke i kommunestyret den 07.06.2011, og gjaldt for perioden 2011 - 2015. Noko av grunnlaget her kan takast med inn i den nye planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 skal oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for energi og klima varslast. Denne planen vil få status som ein kommunedelplan innanfor samfunnsplanlegginga etter plan- og utbyggingslova, og vil ikkje gje heimel til arealdisponeringar.

I den grad det er naudsynt, vil ein i samband med dette planarbeidet kunne gje tilrådingar om endringar til kommuneplanen sin arealdel, eller koma med framlegg om behov for eigne temaplanar.

Vidare vil ein vise til at Vestland fylkeskommune i brev av 01.06.2021 har gjeve tilsegn om tilskot på krone 150.000 til utarbeiding av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune. I kriteria for tilskot ligg føre eit krav om at kommunane sjølv dekker 50 % av totalkostnaden. Her legg kommunen opp til at eigeninnsatsen til eigne tilsette vert eit viktig bidrag i kommunen sin del av totalkostnaden. Tilskotet gjeld fram til 31.07.2022, så kommunen har tid heilt fram til denne datoen til å gjera ferdig planen.

Vurdering

Rådmannen vil vise til at formannskapet med heimel i plan og bygningslova § 4-1 skal kunngjera oppstart og framlegg til planprogram for kommunedelplanar, slik at dette vert lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Så snart høyringsfristen er over skal alle innkomne innspel knytt til planprogrammet drøftast i ny sak, og revidert planprogram tilpassa vektige innspel vert til slutt handsama endeleg i kommunestyret.

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek oppstart av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegget til planprogram vert sendt på høyring i medhald av plan og bygningslova sin § 4-1.

Formannskapet - 063/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.


Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram forslag om at

- ungdomsrådet vert sett å lista over medlemmer i referansegruppa
- planprogrammet skal ha ei formulering som seier noko om Nordhordland biosfæreområde før planprogrammet vart sendt på høyring. Formannskapet slutta seg samla til dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 06.07.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.



Utkast til planprogram

Kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2033



Masfjorden kommune ønsker merknader til planprogrammet og innspel til arbeidet med kommunedelplanen. Frist 1. november 2021.

Innhold

1. Innleiing	3
2. Bakgrunn.....	3
2.1 Kvifor planprogram?.....	3
2.2 Innspel og vidare informasjon	4
3. Formål med planarbeidet	4
4. Rammer for arbeidet – gjeldande politikk	4
4.1 Internasjonale og nasjonale føringar.....	4
4.2 Regionale føringar og forventningar	5
4.3 Lokale føringar og forventningar	6
4.3.1 Fokusområde 1: Energibruk	6
4.3.2 Fokusområde 2: Utslepp	6
4.3.3 Fokusområde 3: Klimatilpassing.....	7
4.3.4 Fokusområde 4: Lokal produksjon	7
4.4 Kommunen si rolle i klimaarbeidet	7
5. Status for klimautfordringane i Masfjorden kommune	8
5.1 Eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag.....	8
6. Forslag til plantema	9
7. Planprosess og medverknad.....	10
7.1 Organisering av arbeidet	10
7.2 Medverknad og forankring.....	10
7.3 Framdriftsplan	11
8. Utreiingsbehov	11



1. Innleiing

Klimaendringar er ei av dei største utfordringane verda står overfor, og rårar alle samfunnsområde. Sjølv om utfordringar knytt til klima er globale, er det ei utfordring med store lokale konsekvensar.

FN sitt klimapanel skisserer eit behov for å halvere klimagassutsleppa innan 2030 for å nå måla i Paris-avtalen. Dette har ført til at også nasjonale og regionale mål har vorte meir ambisiøse, samstundes som ny forskning og rapportar skildrar alvoret ved å ikkje setje i verk tilstrekkelege tiltak.

For alle vert klima ein sentral del av risikobiletet i framtida. Me kan venta auka nedbør, meir ekstremvêr, temperaturendringar og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk, reiseliv, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. Dette gjev nye utfordringar for planlegginga og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagslivet til folk. Samstundes vil det vera eit stort potensial for auka verdiskaping og næringsutvikling i utvikling av gode løysningar for klimatilpassing.

2. Bakgrunn

Kommunestyret har i sak 009/2020 i møte den 13.02.2020 i samband med vedtak om planstrategi for perioden 2020 – 2023 prioritert oppstart av ny energi og klimaplan for Masfjorden kommune med oppstart i 2021. På bakgrunn av dette vedtaket har administrasjonen no laga framlegg til planprogram. Den nye planen vil erstatta tidlegare kommunedelplan frå 2011, og byggje på oppdaterte nasjonale og regionale mål innanfor energi og klimaarbeidet.

I kommuneplanen sin samfunnsdel står det følgjande visjon under kapittel 5 «Energi og klima:

“Masfjorden kommune si framtid skal byggast på trivsel og livskvalitet med utgangspunkt i ei berekraftig utvikling. Med eit energi- og klimafokus skal Masfjorden kommune ta sin del av ansvaret for ei berekraftig utvikling.”

Grøn omstilling er teke med for å synleggjera at det er trong for ei generell samfunnsendring skal ein klara å motverka klimaendringane. Samstundes gjev grøn omstilling rom for ei meir aktiv rolle i arbeidet med å nå klimamåla

2.1 Kvifor planprogram?

For kommunedelplanar skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planen (jf. PBL §4-1 og §11-13). Planprogrammet skal gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar, deltakarar, opplegget for medverknad og behov for utgreiingar. Planprogrammet vert slik ein slags «plan for planen».

Formålet er å leggja til rette for ein open planprosess som sikrar brei og føremålstenleg medverknad og involvering frå alle relevante partar gjennom heile prosessen, med mål om å skapa ein plan som er godt forankra i heile kommunen.

Forslag til planprogram vert sendt ut på høyring og offentleg ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Kommunestyret fastset endeleg planprogram.

2.2 Innspel og vidare informasjon

Masfjorden kommune ønskjer innspel til planarbeidet og planprogrammet innan 1. november 2021. Innspel skal sendast til post@masfjorden.kommune.no.

3. Formål med planarbeidet

Planarbeidet omfattar utarbeiding av kommunedelplan for energi og klima, og skal setja mål som inneber at Masfjorden kommune kan nå nasjonale og regionale målsetjingar, og bidra konkret og konstruktivt til klimaomstilling og grøn verdiskaping.

Planen skal innehalda strategiar og tiltak for korleis kommunen i samspel med innbyggjarar og næringsliv kan redusera heile kommunen sitt klimafotavtrykk. Samstundes som planen skal syna korleis Masfjorden kommune som organisasjon kan redusera utslepp og bidra til framtidsretta energibruk, skal den og svara på korleis kommunen kan arbeida for at innbyggjarane våre og næringslivet kan bidra i ønskja retning. Arbeidet med både plan, strategiar og tiltak vil heva kompetansen og gjera kommunen betre kvalifisert til å omsetja kunnskap og løysa utfordringar knytt til energi og klima mot det grønne skiftet.

4. Rammer for arbeidet – gjeldande politikk

4.1 Internasjonale og nasjonale føringar

Noreg har, saman med nesten alle landa i verda, forplikta seg gjennom Parisavtalen til å kutta i utslepp av klimagassar. Parisavtalen var eit vendepunkt for verdssamarbeidet på klimaområdet og representerer, saman med FN's klimakonvensjon, eit solid rammeverk for framtidig global klimainnsats.

Målet i Parisavtalen er å halda auken i den globale gjennomsnittstemperaturen godt under 2 gradar samanlikna med før-industrielt nivå, og arbeida for å avgrensa temperaturauken til 1,5 gradar. Evna til å handtera skadeverknadene av klimaendringane skal styrkjast i alle land, og finansstraumar skal stå meir i samsvar med ei klimarobust lågutsleppsutvikling.

Parisavtalen gjeld alle land, sjølv om det er forventa at dei rike landa gjer mest. Noreg har meldt inn ei forplikting under Parisavtalen om å redusera utsleppa av klimagassar med minst 50% og opp mot 55 % innan 2030 samanlikna med 1990. Dette er eit avgjerande steg på vegen mot at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050.

EU vedtok i desember 2020 å auke klimamålet sitt frå minst 40 prosent til minst 55 prosent utsleppsreduksjon innan 2030.

FN sine berekraftsmål er ofte framstilt i ein pyramide der dei ulike nivåa vert integrert i kvarandre og «alt heng saman med alt»¹. Miljø- og klimamåla dannar fundamentet for dei sosiale og økonomiske berekraftsmåla. Det er ein nær samanheng mellom fysiske og sosiale miljøfaktorar, og mellom desse og folk sine levevanar og folkehelse. Natur, klima og miljø legg rammene for gode liv og god folkehelse. Samarbeid for å nå dei mange måla er viktig.

I Klimaplan for 2021 - 2030 varslar Regjeringa at verkemiddelbruken knytt til korleis Noreg skal nå klimamålet for 2030 vil verta vurdert jamleg og at ny klimamelding kjem i 2024.

Klimakur 2030 gjev oversikt over ulike tiltak og verkemiddel som kan gje minst 50% reduksjon i ikkje-kvotepliktige utslepp i 2030 samanlikna med år 2005.

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging konkretiserer dei nasjonale forventningane til planlegging for desse tema.

4.2 Regionale føringar og forventningar

Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 gjev ein felles kurs for å inkludera, inspirera og mobilisera Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Sjølv om alle berekraftsmåla er viktige skal innsats på kort sikt prioriterast der utfordringane og moglegheitene er størst.

I utviklingsplanen er mål og strategiar på klima- og miljøområdet definert slik:

Klima og miljø som premis for samfunnsutvikling.

Strategiar for å nå målet er knytt til;

- Vestland som pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
- Sikring av infrastruktur og forvaltning av viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- Nyttå offentlege innkjøp for å bidra til å nå klima- og miljømåla.

Vinteren 2020 starta fylkeskommunen opp arbeidet med Regional klimaplan for Vestland for at Vestland fylke skal posisjonera seg som leiande i klimaomstilling og grøn verdiskaping. Planprogrammet vart sendt på høyring 20 april 2021 med følgjande tematisk inndeling:

- Redusere klimagassutslepp med mål om nullutslepp innan 2030
- Redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet
- Trygt og robust Vestland
- Sikre naturmangfald
- Klimarettferd og folkehelse

4.3 Lokale føringar og forventningar

Masfjorden kommune sin samfunnsdel gjeld for 2012 – 2024, og arealdelen til kommuneplanen gjeld for perioden 2018 – 2030. Begge planane vil difor vera gjeldande for første del av planperioden til kommunedelplanen (2022 – 2026). Seinare i planperioden fram til 2032 vil kommunedelplanen kunne gje gode innspel i arbeidet med ny arealdel i kommuneplanen, og til målformuleringar og strategiar med meir i ein revidert samfunnsdel til kommuneplanen.

I samfunnsdelen er det sett opp sju satsing/ fokusområde og innanfor satsingsområde energi og klima er det definert 4 konkrete fokusområde, kvar med sine hovudmål og delmål

4.3.1 Fokusområde 1: Energibruk

Hovudmål:

Masfjorden kommune vil redusera samla energibruk, arbeida for auka energifleksibilitet og omlegging til nye fornybare energikjelder.

Delmål for dette området er:

- 10% reduksjon energibruk eigne bygg
- Alle nye næringsbygg skal vurdere energifleksible løysingar og alternative energikjelder for varme og kjøling.
- Kommunen skal auke areal med vassboren varme i eigne bygg med minst 10 %.

4.3.2 Fokusområde 2: Utslepp

Hovudmål:

Masfjorden kommune vil arbeida for reduksjon av utslepp som er skadelege for klima eller lokalmiljø.

Delmål for dette området er:

- Samla lokaltrafikk skal reduserast med minst 10 %, målt i personkilometer.
- Masfjorden sitt interne transportbehov skal reduserast med minst 10 % innan 2015, målt i årleg køyrelende på eigen bilpark.
- Masfjorden kommune skal redusera drivstofforbruket i eigne køyretøy.
- Masfjorden kommune sine køyretøy skal ha ein miljøvenleg profil.
- Det skal vere minst 1 fyllestasjon for alternative drivstoff som t.d. gass, biodiesel eller etanolblanda bensin i Masfjorden kommune.
- Det skal opprettast minst 5 ladestasjonar for el-bilar i kommunen.
- Avfallsmengda i Masfjorden kommune skal reduserast med 15 % innan 2015.
- Kommunen skal redusera den lokale luftureininga med 15 % innan 2020.

- All kloakk som ikkje går inn på offentleg leidning skal minimum førast gjennom slamavskiljar før utslepp til sjø.

4.3.3 Fokusområde 3: Klimatilpassing

Hovudmål:

Masfjorden kommune vil møte venta klimaendringar på ein planmessig måte og vurdera nye beredskapsmessige tiltak og andre tilpassingar ut frå forventa klimaendringar. Masfjorden kommune skal ikkje planleggja eller "byggja inn" ny sårbarheit i samfunnet.

Delmål for dette området er:

- Alle kraftutbyggingar skal vurdera eventuell auka fare for flaum, erosjon eller skred.
- Alle nye reguleringsplanar skal inkludera ei vurdering av risiko/ konsekvens av eventuelle klimaendringar.
- Forventa endringar i havnivå skal ikkje medføre skader på bygningar og tekniske anlegg

4.3.4 Fokusområde 4: Lokal produksjon

Hovudmål:

Masfjorden kommune vil sikre ei planmessig utvikling av tradisjonelle og nye former for lokal energiproduksjon for å ivareta både klima, lokalmiljø og eigne innbyggjarar.

Delmål for dette området er:

- All energiproduksjon skal ta omsyn til fleirbruksverdi. For små prosjekt som ikkje er konsesjonspliktige, skal kommunen si sakshandsaming ivareta dette.
- Auka bruk av varmepumpe skal bidra til redusert stasjonær energibruk.

Folkehelseperspektivet skal bli varetatt i all kommunal planlegging, og planlegging etter plan- og bygningslova skal fremja innbyggjarane si helse og motverka sosiale helseskilnader. Universell utforming er nedfelt i plan- og bygningslova si formålsparagraf § 1, og har vore eit hovudmål i Nasjonal Transportplan (NTP). Styrande dokument og planar etter plan- og bygningslova må gjera greie for korleis universell utforming skal bli varetatt der dette er mogeleg.

4.4 Kommunen si rolle i klimaarbeidet

I tillegg til overordna nasjonale mål og regionale føringar er det og tydelege føringar for kommunen sitt arbeide med klimaomstilling gjennom oppdatert lovverk og retningslinjer, m.a. i nye statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. I tilrettelegginga og utviklinga av «det grønne skiftet» skal kommunane aktivt bidra til reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvenleg energiomlegging. Samstundes skal samfunnet bu seg på og tilpassa seg dei klimaendringane som kjem uansett (klimatilpassing).

I den statlege rapporten Klimakur 2030 er kommunane si rolle skildra slik:

«Kommunene kan i stor grad påvirke utslipp fra egen virksomhet, for eksempel utslipp fra egne kjøretøy, bygg- og anleggsvirksomhet og gjennom klimakrav i innkjøp. Det største potensialet har kommunen imidlertid gjennom å påvirke gjennomføringen av klimatiltak hos andre aktører.»

Kommunen har ulike roller som er relevante i klimaarbeidet:

- Rolla som samfunnsutviklar – pådrivar, tilretteleggjar og samarbeid med innbyggjarar og næringsliv
- Rolla som myndigheitsutøvar – planmynde, tilskotsforvaltar
- Rolla som tenesteleverandør – ma. innan utdanning, helse, omsorg, kollektivtrafikk
- Rolla som eigar og driftar – bygg, infrastruktur, skog, eigen transport, kommunale selskap, fondsplassering
- Rolla som innkjøpar av varer og tenester.

I fylgje Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpasning står kommunen fritt til å velje tema i planen, men det vert lagt føringar på kva som bør vere med i ein klima- og energiplan mellom anna i kap 3.1:

- informasjon om klimagassutslepp i kommunen, fordelt på kjelder og sektorar.
- Informasjon om energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innan kommunen sine grenser, og som viser tilgang på miljøvennlege energiressursar.
- Framskrivning av utslepp i kommunen med framlegg til tiltak.
- Ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.
- Ambisiøse mål for meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i kommunal bygningsmasse og i kommunen elles.
- Tiltak og verkemiddel for reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging.
- Utgreiing av verkemiddel som me kan tenkja å nytta for å nå målsettingane.
- Handlingsprogram med tydeleg ansvarsfordeling for oppfylging av klima og energiplanen.

5. Status for klimautfordringane i Masfjorden kommune

5.1 Eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag

Masfjorden kommune har ikkje heilt oppdatert tal og fakta knytt til stoda innan klima og energi i kommunen per i dag . Kunnskapsgrunnlaget vil difor verta arbeid vidare med gjennom heile planprosessen og styrka med m.a. framskrivingar relatert til mogelege scenario.


I oppstartsfasen av planarbeidet vert det viktig å få på plass ein klimafotavtrykksanalyse og ei framskrivning av klimagassutsleppa i kommunen. Vidare planlegg ein å tinga ei vurdering som vil syna kor berekraftige kommunen er i dag. Analysen vil verta viktig både for å sjå

korleis berekraftsmål relatert til klima og miljø samspelar med dei andre berekraftsmåla, og som grunnlag for utarbeiding av relevante indikatorar.

Sektorfordelte utslepp per år 2009 – 2019

Miljødirektoratet har sidan 2009 levert statistikk for kommunane sine geografiske klimautslepp. For Masfjorden ser utviklinga slik ut:

<https://www.miljodirektoratet.no/klimagassutslipp-kommuner/?area=687§or=-2>



Kilde: Miljødirektoratet

Klimarekneskap frå desse kjeldene vil utgjera grunnlag for mogelege strategiar og tiltak i planen. Klimarekneskap knytt til kommunen som verksemd, klimarekneskap for kommunen som geografisk område og klimafotavtrykk frå kommunen sine innbyggjarar. Kunnskapsgrunnlaget gjev ei meir grundig framstilling av tal og statistikk knytt til utsleppskjelder, energiforbruk, energiproduksjon mm.

6. Forslag til plantema

Kommunedelplanen for energi og klima vil ta utgangspunkt i dei utvalde berekraftsmåla knytt til satsingsområdet «Klima og klimatilpassing» og til overordna mål og strategiar forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Plantema vil vidare ta utgangspunkt i planstrukturen der satsingane vert:

Masfjorden kommune som pådrivar for nullutslepp

- Definere mål for utsleppsreduksjon 2030
- Utarbeida handlingsplan for tiltak, klimabudsjett og rekneskap
- Skapa bevisst forhold til klimafotavtrykk i eigen organisasjon
- Nyttja offentlege innkjøp for å bidra til å nå klimamåla

Klimatilpassing

- Vurdere infrastruktur og forvaltning av natur, landskaps- og kulturverdiar i høve klimaendringar.

Grøn omstilling

- Styrka satsing på klimakommunikasjon og auka klimakunnskap
- Bidra til at det grønne skiftet vert grunnlag for verdiskaping i lokalt næringsliv
- Styrka satsing på gang-/sykkelvegløysingar og ha fokus på klimavenleg arealbruk

Plantema vil kunna verta endra, utvida og tilpassa etter innspel i høyringsperioden og/ eller i samband med føringar lagt i fylkeskommunen sitt arbeid med Regional klimaplan.

Planen skal ende opp med handlingsplan med konkrete forslag for perioden 2022 –2026, og for meir langsiktige tiltak for perioden 2026 – 2033.

7. Planprosess og medverknad

7.1 Organisering av arbeidet

Styringsgruppe:

Formannskapet vert styringsgruppe for planarbeidet.

Arbeidsgruppe:

I arbeidsgruppa deltek følgjande i tillegg til engasjert konsulent :

- Assisterande rådmann (leiar)
- Teknisk sjef
- Landbrukskonsulent
- Oppvekstleiar
- Engasjert konsulent (ekstern)

Referansegruppe (arbeidsgruppa og følgjande representantar vert invitert med):

- Representant frå GMU
- Representant frå BKK Produksjon AS
- Representant frå entreprenørbransjen
- Representant frå bondelaget
- Representant frå daglegvarehandelen
- Representant frå idrettslaga

7.2 Medverknad og forankring

Lovmessige krav til medverknad i planprosessar er skildra i plan- og bygningslova kapittel 5, og krav til medverknad ved utarbeiding av planprogram vert utdjupa i PBL §§ 4 – 1 og 11 – 13. Oppstart av planarbeidet med kommunedelplanen vert varsla samstundes med at forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Det skal leggjast stor vekt på å ha ein open planprosess for å motivera folk flest til engasjement og eigarskap i planarbeidet. Heradet vil nytta både heimesida og sosiale media aktivt til informasjon og dialog, samstundes som lokalavisa vert invitert inn til å ta del i arbeidet.

Planprogrammet og oppstart av kommunedelplanen vert kunngjort og det vert sett frist på seks veker for å koma med innspel til planarbeidet og planprogrammet.

Aktuelle organisasjonar og representantar frå næringslivet vil verta invitert inn i referansegruppa. Kommunen tek ansvar for å halde eitt folkemøte med informasjon, og for å få innspel frå innbyggjararar. Dette vil skje når planen er på høyring.

7.3 Framdriftsplan

Aktivitet	Tidspunkt
Oppstartsvedtak i formannskapet	September 2021
Varsel om oppstart av planarbeidet	September 2021
Høyringsperiode planprogram og innspelsfase til planen	September – November 2021
Endeleg planprogram til handsaming i kommunestyret	November – Desember 2021
Oppdatere kunnskapsgrunnlag	Hausten 2021
Medverknadsprosessar	Våren 2022
Utforme utkast til plan	Våren 2022
Høyring og offentleg ettersyn	Hausten 2022
Endeleg politisk handsaming i kommunestyret	November – Desember 2022

8. Utgreiingsbehov

Masfjorden kommune kan få oppdatert tilgjengeleg statistikk knytt til klima- og miljøutfordringane med utgangspunkt i tilgjengelege data frå kjelder som SSB, Miljødirektoratet, NVE, Statens vegvesen, Klimapartner og andre. Det er likevel trong for utgreiingar som syner forskjellige framskrivingar for utslepp i kommunen og ei oversikt kva som skal til av tiltak og verkemiddel for å nå forskjellige mål på utsleppsreduksjon. I samband med medverknadsprosessen vil det kunna verta avdekka ytterlegare utgreiingsbehov .

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-Q89	20/597

Saknr	Utval	Type	Dato
080/2021	Formannskapet	PS	18.10.2021
021/2021	Ungdomsrådet	PS	29.11.2021

Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 - 2033

Journalposttittel	Dato
Søknad om busskur	29.09.2021
Innspel til kommunedelplan for trafikksikring 2020-2023	29.09.2021
kartutsnitt	29.09.2021
Innspel til trafikksikringsplanen - Sandnes skule	21.09.2021
Innspel til trafikksikringsplanen	21.09.2021
Innspel til trafikksikringsplan	20.09.2021
Innspel til trafikksikringsplan Masfjorden kommune hausten 2021	20.09.2021
Kartlegging trafiktryggleiksplan - Sandnes barnehage	13.09.2021
Kartlegging trafiktryggleiksplan - Sandnes barnehage	13.09.2021
Trafikksikringsplan innspel - Nordbygda skule	17.09.2021
Trafikksikringsplan - innspel	17.09.2021
kartutsnitt	17.09.2021
Innspel til trafikksikringsplan	17.09.2021
Innspel til trafikksikringsplan	17.09.2021
Innspel Trafikktryggleiksplan 2021-2032	17.09.2021
Innspel på Trafikktryggleiksplan for Masfjorden 2021-2032 frå Nordbygda barnehage	17.09.2021
Kart over Nordbygda oppvekstområde	17.09.2021
Innspel til trafikksikringsplan	18.12.2020
Innspel til trafikksikringsplan	18.12.2020
Innspel til Trafikksikringsplanen	21.08.2020
Innspel til oppstart og kunngjering av arbeidet med ny kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032	14.08.2020
Innspel til revisjon av trafikksikringsplan for Masfjorden kommune	14.08.2020
rapp_Trafikktryggleiksplan	11.10.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å senda framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032 ut på offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Det ligg no føre utkast til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032, som hermed vert sendt ut saman med innspel til planarbeidet. Endeleg framlegg til plandokument vil verta ettersendt så snart det ligg føre.

Formannskapet vedtok i møte den 10.06.2020 oppstart og kunngjering av arbeidet med ny kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032, og at framlegg til planprogram dagsett 27.05.2020 vart sendt på høyring.

Den 22.10.2020 (sak 072/2020) godkjente kommunestyret endeleg planprogram for planen. Etter vedtak i hovudutval for samferdsel og mobilitet 14. oktober 2020 fekk Masfjorden kommune tilsegn om tilskot på krone 150.000,- til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplanen. Fristen for gjennomføring av planarbeidet for å få utbetalt tilskotet er sett til 31. desember 2021. Målet er difor å få planen slutthandsama i kommunestyremøtet 2. desember.

På grunn av koronasituasjonen har mesteparten av arbeidet i arbeidsgruppa skjedd gjennom digitale plattformer på "Teams" og i lag med engasjert konsulent. I tillegg har det vore synfaring og to møter i referansegruppa. Det er i samband med planarbeid og vore ein tett dialog med alle skulane og barnehagane i Masfjorden kommune, noko som har medført god involvering av elevar, barnehagane og skulemiljøet. Det har medført at arbeidsgruppa har motteke gode innspel frå alle dei tre skulekrinsane. Alle innkomne innspel er vorte vurdert og svært mange har kome med i handlingsplanen til plandokumentet som no ligg føre.

Planen baserer seg difor både på tidlegare godkjent trafikksikringsplan frå 2014, og frå innkomne innspel, samt lokal kunnskap som arbeidsgruppa og referansegruppa har med omsyn på trafikale utfordringar i Masfjorden kommune.

Planen inneheld mykje fakta om trafikktilhøva i kommunen inkludert ulykkeanalyser, og kjem med framlegg til målsettingar og strategiar med tiltak for å betre trafiktryggleiken i Masfjorden kommune. Tiltaka er fordelt på tre område: **Åtferd og haldningstiltak, organisatoriske tiltak og fysiske tiltak**. Det vert lagt opp til 6 satsingsområde knytt til trafiktryggleik og i tillegg ligg det føre ein handlingsplan over fysiske tiltak for heile perioden 2021 - 2032.

Vurdering

Rådmannen meiner at planframlegget som no ligg føre på ein grei og oversikteleg måte viser kva Masfjorden kommune bør prioritere på trafiktryggleiksområde i planperioden. Ein rår med dette til at planen vert sendt på offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14. Endeleg plan vil seinare gå til 2 gangar handsaming i formannskapet før saka går vidare til kommunestyret.

Konklusjon

Rådmanen rår til at planen vert sendt ut til offentleg ettersyn. Det vert vist til at endeleg framlegg vil verta ettersendt så snart det ligg føre.

Formannskapet - 080/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) ba om at

- kryssløysing for Risneskrysset i henhold til kommunedelplanens planskildring side 93 under langsiktige tiltak fylkesveg vert tatt inn i planen før trafikksikringsplanen vert lagt ut på høyring
- pkt 9 i Fylkesveg Strakstiltak vert delt i to der "Fjerne "grøne tunnelar", skog rydding, fjerne parkering langs vegen. " vert eit eige punkt og "Redusere fartsgrensen til 60 km/t frå Hostelandstunnelen til ca. 100 meter vest for kryss Areklettvegen" vert eit eige punkt (prioritert tiltak) før trafikksikringsplanen vert lagt ut på høyring

Torill Torsvik Størkersen (Ap) ba om at

- pkt. 10 i Handlingsplanen: Fortaugang og sykkelveg langs Fv. 570 bør endrast til « Nautesund Camping – kommunegrense til Gulen kommunen, Ildalen (Grunngjeving: Tilknytning til gang og sykkelveg i Gulen kommune til bustadfelt i Hovden) før planen vert lagt ut høyring

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek å senda framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032 ut på offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14.

Baard Helland
Sleirsvegen 54,
5986 Hosteland

27.september 2021 Hosteland

Masfjorden kommune
Austfjordvegn 2724
5981 Masfjordnes

Søknad om busskur.

Søknad gjelder: Fv377 busstopp 5438
Adressa er: Sleirsvegen 54 og 56 , 5986 Hosteland
(Hus 56 er Nordbygda Samfunnshus)

Vi har skole elever som tar bussen hver dag tur og retur.

Men vi har et område

- Utan gatelys
- sikt sving Høgreside ca 50 meter, venstre side ca 30 meter sikt
- 80 km/t sone
- Om Vinteren brøyte kanter og veldig glatt


Derfor søker vi om busskur til bus stoppet.

Håper vi får et positivt svar.

Med venleg helsing
Alima og Bard Helland

Baard Helland
Alima Tomor

Søk etter innhold i valgte kilder:





Innspel til kommunedelplan for trafikksikring 2020 – 2023

Det vert i trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015-2019 synt til trong for trafikksikringstiltak mellom anna på ulukkespunkt og rundt busstopp. Vidare vert det peika på at trafikkbiletet i Masfjorden er sterkt prega av gjennomgangstrafikk og fjordkryssing, og at bru over Masfjorden er ynskjeleg, men at dette vil igjen medføre auka trafikk.

Me ynskjer å få fram behovet for redusert fartsgrense på fylkesveg 570 på strekninga frå avkøyrseleien til Austfjordvegen 1008 til krysset på Nordkvingo til Kvingedalen og Kvingebakkevegen (sjå strekning på vedlagt kartutsnitt), då det sidan vegen nyleg vart utbetra har vorte betydeleg høgare trafikkhastigheit på denne vegstrekninga. Det er mykje både lokal- og gjennomgangstrafikk her, og dersom det vert bru over Masfjorden, vil trafikken truleg auke ytterlegare.

Det å ferdast som fotgjengar langs denne vegstrekninga kjennast ikkje trygt slik det er no, med manglande fotgjengarfelt mesteparten av strekninga, og svært høg hastigheit på storparten av trafikken.

Denne strekninga er skuleveg for borna i området, som må gå langs vegen utan fotgjengarfelt, og krysse vegen for å komme til rett bussholdeplass. Det er òg mange fotgjengarar til og frå butikken, samt at omtala vegstrekning vert nytta til å komme til volleyballbane og leikeplass i Skolten bustadfelt. I tillegg er brua mellom butikken og vatnet ein flaskehals som ikkje er gunstig å krysse som fotgjengar dersom det kjem bil, då hastigheita ofte er høg her òg. Utover dette er det dagleg forbikøyringar på denne strekninga i høg fart, ofte like før eller ved busskura på Sørkvingo, der mange bilar legg seg nærme busskura, då det ikkje er noko fysisk hindring/gangfelt mellom vegbane og busstur.

Me som bur her ynskjer trygg skuleveg for våre born. Det å la borna våre ferdast langs denne vegstrekninga med fartsgrensa det no er tykkjer me er uforsvarleg utan fylgje av vaksne.

På bakgrunn av dette ynskjer me at fartsgrensa vert redusert frå 80 til 60 km/t, og at dykk vurderar behov for eventuelle andre tiltak som veglys og fotgjengarfelt. Me vonar dykk tek dette til etterretning i den vidare utarbeidinga av kommunedelplan for trafikksikring 2020-2023, og gjer det dykk kan for å sikre fartsreduksjon på denne strekninga.

Venleg helsing

Gro Serine Baarøy og Kristian Kvinge

Ingelin Skjelanger og Arne Hindenes

Camilla Hjelmeland

Benedicte Hjelmeland

Anette Hjelmeland

Asbjørn og Kari Kvinge

Ranveig Kvinge og Tom Birger Rød

Katarina Horgen Kvinge og Ingve Hovland

Jørgen Kjeseth og Korina Kvinge Kjeseth

Anne Kvinge Tvedt og Geir Tvedt

Bjarte Kvinge Tvedt

Lene Kvinge Tvedt

Sidsel Kvinge

Elin Kvinge

Tina Fjellby

Gro Marit Kvinge Tande og Rolf Martin Tande

Svein Gunnar Sivertsen

Ester Korsøen og Kjetil Fjellby

Jon Martin Skauge

Gunn Hindenes og Lars Andås

Tove og Roy Kvingedal

Gro Bjørndal

Leif og Edith Kvinge

Torun Kvinge

Lillian Kvinge

Magnhild og Jarle Rønhovd

Solveig og Ola Torleif Rønhovd

Britt Eriksen

Helga Hodne og Kåre Mjanger

Wenke Fredheim Ekren og Øyvind Ekren

Kariann Ekren

Trine Ekren



Gjeljeh

570

Nordkvingo

570

Skolten

154

29

Nordkvingevågen

Sørkvingevatnet

Skutevika

Kvingo

570

Mels-

183

gevågen

Sørkvingo



Masfjorden kommune

Sandnes skule

Trafikksikringsplan – ei tilbakemelding frå elevane ved Sandnes skule hausten 2021

Oversikt: Kva er no-situasjonen?

Tiltak: Kva for tiltak skal ein setje i gong?

Prioriteringar: Kva er viktig og hastar? (Alt er viktig)

Trafikktilhøva kan endre seg i takt med årstidene. Då elevane ved Sandnes skule uttala seg var det seinsommar med lyse morgonar og kveldar.

Haldningsskapande arbeid er viktig

Kva seier læreplanen om trafikksikring?

Problemstilling: Korleis skal Masfjorden kommune arbeide heilheitleg med trafikksikkerheit og trafikkopplæring i tråd med læreplanverket?

Dette sa elevane om dei trafikale tilhøva som handla om skuleveg og trafikk generelt i fritida og til/frå fritidsaktivitetar:

- Nokre bilar kjører alt for fort
- Krazy kjøring
- Saknar merka overgangsfelt
- Saknar fortau i større radius rundt skulen
- Vi tilpassar oss no-situasjonen
- Vi opplever ein klar samheng mellom ferje og fart
- Vi ønskjer oss meir lys langs vegen
- Vi opplever strekninga mellom ferja og skulen som særst trafikkfarleg
- På vegen frå skulen mot Sandneslia er det «gangfelt» på utsida av autovernet. Det er svært bratt på sida av dette gangfeltet = ikkje greit

Sandnes, 15.09.21

Venleg helsing frå

Britt Rød

Rektor Valestrand skule

POSTADRESSE:

E-post:

TELEFON

Faks:

Sandnes skule

sandnes.sk@masfjorden.kommune.no

56 16 63 60

56 16 63 61

5981 Masfjordnes



Masfjorden kommune

Sandnes skule

POSTADRESSE:

Sandnes skule

5981 Masfjordnes

E-post:

sandnes.sk@masfjorden.kommune.no

TELEFON

56 16 63 60

Faks:

56 16 63 61

Fra: Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>
Sendt: 21.09.2021 09:28:49
Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>
Emne: VS: Innspel til trafikksikringsplanen

Rita Ludvigsen

Oppvekstleiar
Masfjorden kommune

Fra: Britt Margun Rød <britt.margun.rod@masfjorden.kommune.no>
Sendt: tirsdag 21. september 2021 09:26
Til: Sveinung Toft <Sveinung.Toft@masfjorden.kommune.no>; Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>
Kopi: Merethe Engelsen <Merethe.Engelsen@masfjorden.kommune.no>
Emne: Innspel til trafikksikringsplanen

Heisann

I vedlegget finn du innspel til trafikksikringsplanen frå elevar ved Sandnes skule.

Kopi til FAU-leiar

Venleg helsing frå
Britt Rød
Rektor Sandnes skule

Fra: Trine Sylta <trine_s92@hotmail.com>

Sendt: 17.09.2021 22:33:42

Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

Emne: Innspel til trafikksikringsplan

Hei,

Eit innspel til trafikksikringsplanen:

Det er ønskelig at det vert satt opp lys i vegen ned mot reknes byggjevarer (selvåg). Pr no er det 3 skulebarn som brukar vegen fra Masfjordveien 185 og opp til busskuret. Bussen kjem om morgenen ca 0805 og då har reknes byggjevarer allereie åpna kl 0730. Her kjører det ein del tungtransport med varer, og om vinteren kan det vere svært glatt i bakken. Ungane brukar refleks og det er satt opp skilt om at kjøretøy må ferdast varsamt. No nærmar høst mørket seg kraftig, og me ynskjer at lys kjem på plass snarast slik at ungene ser og blir sett og er trygge på sin skuleveg.

Helsing

Trine Sylta